



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4545 - 15/31452

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

05.10.2015

## Oversending av klagesak - klage på gebyr - Gbnr 134/471 Hilland - Utomhusplan

Saka gjeld klage på gebyr

### Saksopplysningar:

I vedtak av 13.05.2015 er det skildra utrekning av gebyr for innvilga søknad. Det er denne utrekninga, og bruken av gebyrregulativet som er påklaga. Klagar seier at dei er klare over at denne saka har vært tidkrevjande også for Lindås kommune, men at dei meiner at gebyrets omfang og storleik blir urimeleg.

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå og om gebyrregulativet har blitt anvendt på korrekt måte.

### Klage på gebyr:

Ved utrekning av gebyr har Lindås kommune lagt til grunn at det er søkt om dispensasjon for ni ulike tiltak som er i strid med ulike arealføremål i plan. Ved fastsetting av gebyr har kommunen lagt til grunn at det skal utstedes gebyr for kvart tiltak det er søkt dispensasjon for. Klagar meiner at dette er feil bruk av gebyrregulativet. Klagar meiner at tiltaka må vurderast samla og under eitt, og at gebyret omfattar ein dispensasjon.

Det vises til klage datert 05.03.2015 over ilagt gebyr på kr. 76.100,- gitt den 13.05.2015, med heimel i gebyrregulativet for 2015. Gebyret er ilagt på bakgrunn at det er gitt til saman 9 dispensasjonar. Det første som på avklarast er om riktig gebyrutrekning er lagt til grunn. I kap. 9 i gebyrregulativet står det at «gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til byggesaksgebyr». Vidare at «Dispensasjon frå fleire føresegner gitt i eller i medhald av PBL. per dispensasjon.» Ein dispensasjon er i prinsippet eit regelbrot. Dispensasjon frå byggereglane inneber eit ynskje om å fråvike ein regel for eit konkret tiltak. Kommunen har handsama i alt 9 ulike tiltak som krev dispensasjonshandsaming. Det skal soleis betalast

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



gebyr per tiltak, jf. også punkt 4.3 der det går fram at «i tiltakssaker (byggesak) vert gebyr fastsett per tiltak».

Satsane som er lagt til grunn er i tråd med gebyrregulativet. Utrekning av gebyret er i samsvar med gebyrregulativet.

#### 4.13 Søknad om redusert gebyr

«Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn. Fastsetting av gebyret skal skje ved enkeltvedtak.» Det er ikkje sendt inn søknad om redusert gebyr.

Uttrykket «særlege grunnar» må sjåast i høve til grunngevinga bak gebyret, som i følge gebyrregulativet pkt. 4.1 er at «den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr». Det ligger i ordlyden «særlege grunner» at for å få redusert gebyr må dei anførte grunner utgjere noko meir enn det som normalt kan anførast i tilsvarande saker. Det vil undergrave gebyrregulativet om man reduserer gebyret i einskilde saker, der grunngeving for reduksjon vil kunne gjere seg gjeldande i mange saker. Det må også opplysast om at drifta er basert på dei utrekna gebyra, og at ein soleis ikkje utan vidare kan redusere gebyret i einskilde saker.

Vi kan ikkje sjå at kravet til «særlege grunnar» er stetta. Administrasjonen meiner at det fastsette gebyret i denne saka er vedteke med bakgrunn i gjennomsnittlege utgifter for sakstyper som denne. Vidare kan administrasjonen ikkje sjå at det ligg føre grunner som kvalifiserer til at "særleg grunn" for reduksjon ligg føre.

For øvrig vil vi opplyse at etter en gjennomgang av gebyret, så finn administrasjonen at det ikkje ligg føre faktiske feil ved det.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd. Saksdokumenta er vedlagt.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Klage anvendelse gebyr gbnr134/471

Klage på gebyr - gbnr 134/471 Hilland - utomhusplan

Dispensasjon nr 2 - utomhusplan - gbnr 134/471 Hilland

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen